



Vibeke Dahl og Thomas Scharfswerdt  
Nordgardshaugen 18  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2284 - 16/23224

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
07.12.2016

## Retting av pålegg, gbnr 23/430

Meland kommune viser til Dykkar skriv journalført motteke 1.12.2016 om utført retting/riving av bod/anneks på gbnr. 23/430 på Nordgarden- Frekhaug. Administrasjonen anser pålegget om riving av bygningen som oppfylt innan gitt frist 1.12.2016.

Billedokumentasjon som er innsendt viser at bygningen er fjerna, og kommunen vil ikkje følgje opp tiltaket ytterlegare.

### Tilbygg til bustad:

Når det gjeld tilbygg/takoverbygg til bustaden ser ikkje kommunen at det er komen inn dokumentasjon om at tilbakeføring er utført, heller ser ikkje kommunen at tiltaket er omsøkt.

Tiltaket er eit mindre tiltak etter Plan- og bygningslova, men kjem i konflikt med avstandsbestemmelsen til nabo. Og mulig også tillat % TU for eigedommen. Kommunen har ikkje alle naudsynte opplysningar om dette tiltaket til å vurdere vidare søknadsplikt, det kan vera mulig at tiltaket vil vera unntatt søknadsplikt etter at avstandskravet er vurdert.

Dersom De ynskjer å la tilbygget stå ber Meland kommune Dykk om å sende inn søknad om tiltaket saman med kart og teikningar som viser mål og størrelse. Søknaden må nabovarslast. Administrasjonen har ikkje tatt endeleg stilling til om tiltaket kan godkjennast slik det er utført, men etter ei foreløpig vurdering ser administrasjonen at tiltaket er av eit mindre omfang på gbnr. 23/430.

Frist for innsending av søknad vert satt til **10.1.2017**. Sidan tiltaket er nærare nabogrense enn 4 meter må det anten leggjast ved ein erklæring frå eigar av gbnr. 23/429 og 23/431 om løyve til å føre opp tilbygg (slik utført) eller må det søkjast om dispensasjon frå avstandsbestemmelesen satt i Pbl § 29-4. Kjem tiltaket i konflikt med TU må det òg søkjast om dispensasjon frå reguleringsplanen.

### Pålegg om retting:

Dersom søknad ikkje vert sendt inn, gjeld frist for tilbakeføring/retting i samsvar med førehandsvarsel om retting og ilegging av tvangsmulkt datert 7.10.2016. Kommunen vil då følgje tiltaket opp etter Pbl. Kap 32.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Vibeke Dahl og Thomas  
Scharfscwerdt

Nordgardshaugen 5918  
18

FREKHAUG